



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 19.01.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjørgard	Rådmann
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef, OS 1/16
Per Ernst Lundberg	Sakshandsamar, PS 4/16 og 5/16,
Nina Kvalen	Sakshandsamar, PS 7/16
Per Heltne	Sakshandsamar, PS 14/16
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service, PS 12/16
Per Ivar Kongsvik	Oppvektssjef, PS 16/16
Nina Hovden Eidheim	Sakshandsamar, PS 11/16
Asbjørn Moltudal	Sakshandsamar, PS 6/16 og 15/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 1/16	Orientering om EPC-modellen – energisparekontrakter
PS 4/16	Voldsfjordkryssing AS (Sus)
PS 5/16	Gbr 19/546 - Forlening av opsjon på kjøp av tomt
PS 6/16	Sal av tilleggsareal - del av gbr 18/229
PS 7/16	Oppmoding om busetjing av flyktningar 2015 – 2019
PS 8/16	Fritak frå eigedomsskatt i 2016 etter § 7
PS 9/16	Fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a, Studentsamskipnaden
PS 10/16	Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjerung av ressursar
PS 11/16	Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016
PS 12/16	Målbruksplan - Volda kommune
PS 16/16	Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak
PS 14/16	Planid 2012012 Fylkesveg 651 - E39 Småbåthamna – Elvadalen
PS 15/16	Spørsmål om anke av skjøn gbr 19/2/89
PS 13/16	Orienteringssaker
OS 2/16	Informasjon om kommunereforma
OS 3/16	Referat frå møte i arbeidsgruppe Campus den 05.01.2016
OS 4/16	Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta
OS 5/16	Volda kommune - Pkt. 21 i Budsjettvedtaket årsbudsjett 2016.

- OS 6/16 **Årsbudsjett 2016 - budsjettvedtak pkt. 39 – veghøvel**
- OS 7/16 **Etikkutvalget ønsker dialog om etiske spørsmål**
- OS 8/16 **Reguleringsplan E39 Volda-Furene - Oppstartsmøte med Volda kommune 16.12.2015 – Referat**
- OS 9/16 **Invitasjon til prøveordning om gang- og sykkelveg**
- OS 10/16 **Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 20.11.15**
- OS 11/16 **Sparebank 1 SMN - Forslag kandidater kundevalget**
- OS 12/16 **Kommunal konferanse for råda for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal 10. og 11. februar**
- OS 13/16 **Melding om avtaleinngåelse - Anskaffelse - portføljeforvaltning elektrisk kraft Søre Sunnmøre**
- OS 14/16 **Kommunereformen - Referat frå forhandlingsnemndene Ørsta og Volda 11.02,2016**
- OS 15/16 **KS Møre og Romsdal - Rådmannsutvalet**

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utsendt 18.01.2016:

Politiske saker:

- PS 3/16 Larsen: Trekk klage – reguleringsplan område B60 Strand
- PS 14/16 Planid 2012012 Fylkesveg 651 – E39 Småbåthamna-Elvadalen
- PS 15/16 Spørsmål om anke av skjøn, gbr 19/2/89
- PS 16/16 Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule – iverksetting av vedtak

Orienteringssak:

- OS 14/16 Kommunereformen – referat frå forhandlingsnemndene Ørsta og Volda 11.01.2016

Sakliste:

Ordføreren kom med framlegg om at PS 16/16 vert handsama om lag kl. 15.00. Rådmannen oppmoda om at ein ser sak PS 16/16 i samanheng med PS 10/16.

PS 3/16, Planid 2012011 Reguleringsplan område B60 Strand - klage over planvedtak, vert trekt frå saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endringar frå ordføreren, vart samrøystes godkjent.

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte, 08.12.2015, vart samrøystes godkjent.

OS 1/16 Orientering om EPC-modellen - energisparekontrakter

Handsaming:

Anders Egil Straume møtte i forkant av orienteringa kl. 12:05.

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal, orienterte om EPC-modellen – energisparekontraktar. Formannskapet kom med spørsmål til eigedomssjefen.

Margrethe Bjerkvik og Sølvi Dimmen møtte under orienteringa om lag kl. 12:10.

PS 4/16 Voldsfjordkryssing AS (Sus)

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).*
- 2. Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.*
- 3. Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar.*

4. *Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følgje av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3.*
5. *Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000, tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt endringsframlegg pkt. 2:

Forslag til endring av vedtekter:

Stryk underpunkt b) og c) under §3. "Selskapet sitt hovedføremål".

Jørgen Amdam kom med slikt tillegg til pkt. 3:

Selskapet skal primært arbeide med Voldsfjordkryssing.

Fride Sortehaug trekte framlegget sitt.

Røysting:

Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå ordføraren (administrasjonen sitt framlegg, inklusivt tillegg til pkt.3) og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).*
2. *Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.*
3. *Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar. Selskapet skal primært arbeide med Voldsfjordkryssing.*
4. *Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følgje av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3.*
5. *Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000, tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*

PS 5/16 Gbr 19/546 - Forlening av opsjon på kjøp av tomt

Administrasjonen si tilråding:

Volda Turisthotell AS sin opsjon på gnr. 19 bnr. 546, gjeve i sak 117/14, vert forlenga til 31.12.17 på same vilkår som i nemnde sak.

Handsaming:

Roald Espset reiste spørsmål om habilitet, hans sambuar har eigarinteresse i Volda Turisthotell AS, jf fvl. § 6, 1. ledd, c. Espset tok ikkje del i handsaminga og røystinga over habilitetsspørsmålet.

Røysting habilitet:

Roald Espset vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 19.01.2016:

Volda Turisthotell AS sin opsjon på gnr. 19 bnr. 546, gjeve i sak 117/14, vert forlenga til 31.12.17 på same vilkår som i nemnde sak.

Roald Espset tok sete.

PS 6/16 Sal av tilleggsareal - del av gbr 18/229

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn med bakgrunn i den ikkje å ville selje det omsøkte arealet på dette tidspunktet.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 19.01.2016:

Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn med bakgrunn i den ikkje å ville selje det omsøkte arealet på dette tidspunktet.

PS 7/16 Oppmoding om busetjing av flyktningar 2015 - 2019

OPPMODING OM AUKA BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2016 OG 2017

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.*
- 4. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.*
- 5. Kommunestyret godkjenner ei låneramme på kr 6 mill., utover det som vert utløynt i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Administrasjonen får i fullmakt å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader.*

Handsaming:

Sakshandsamar, Nina Kvalen, orienterte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.*

- 2. Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestonad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.*
- 4. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.*
- 5. Kommunestyret godkjenner ei låneramme på kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Administrasjonen får i fullmakt å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader.*

PS 8/16 Fritak frå eigedomsskatt i 2016 etter § 7

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1 og "Kulturbakkane" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1 og "Kulturbakkane" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

PS 9/16 Fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a, Studentsamskipnaden

Administrasjonen si tilråding:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

Handsaming:

Sølvi Dimmen, SP, kom med slikt framlegg:

Kommunestyret viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Sølvi Dimmen og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget til Sølvi Dimmen fekk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Dan Helge Bjørneset, Roald Espset, Margrethe Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

PS 10/16 Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eidegomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka og var samde om at oppnemning av politiske medlemmer i arbeidsgruppene, vert sendt vidare til handsaming i valnemnda.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, men unntak frå oppnemning av medlemmer i arbeidsgruppene, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eidegomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

PS 11/16 Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.

Handsaming:

Sakshandsamar, Nina Hovden Eidheim, svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.

PS 12/16 Målbruksplan - Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner målbruksplan for Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 i saka.

Handsaming:

Sektorsjef kultur og service, Inger-Johanne Johnsen, var til stades under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner målbruksplan for Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 i saka.

PS 16/16 Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek til vitende at administrasjonen planlegg å flytte ungdomssteget ved Austefjord skule, jfr kommunestyret sitt vedtak 30.01.2014.*
- 2. Kommunestyret tek orienteringa om skuleskyssen for elevane som skal ta til ved Volda ungdomsskule frå hausten 2016 til vitende.*
- 3. Kommunestyret legg til grunn at fylkeskommunen organiserer eit skysstilbod for elevane som stettar rettane elevane har etter opplæringslova.*

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik, orienterte om saka.

Roald Espset kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret tek til vitende at administrasjonen planlegg å flytte ungdomssteget ved Austeffjord skule, jfr kommunestyret sitt vedtak 30.01.2014.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austeffjordelevene basert på innspel frå FAU v/Austeffjord skule i epost av 12.01.2016.*
- 3. Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevene.*

Roald Espset trekte framlegget sitt og fremja tilrådinga frå administrasjonen.

Roald Espset trekte framlegget sitt, vedk. administrasjonen sin tilråding.

Jørgen Amdam fremja tilrådinga frå administrasjonen, samt eit nytt pkt. 4:

Pkt. 4 Ordføraren og administrasjonen vert beden om å møte foreldra for å drøfte løysingar for skuleskyssen.

Røysting:

Odd Harald Sundal bad om punktvis røysting.

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke. To røysta mot (Odd Harald Sundal og Sølvi Dimmen).

Pkt. 2 fekk sju røyster og vart vedteke. To røysta mot (Odd Harald Sundal og Sølvi Dimmen).

Pkt. 3 fekk sju røyster og vart vedteke. To røysta mot (Odd Harald Sundal og Sølvi Dimmen).

Pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek til vitende at administrasjonen planlegg å flytte ungdomssteget ved Austeffjord skule, jfr kommunestyret sitt vedtak 30.01.2014.*
- 2. Kommunestyret tek orienteringa om skuleskyssen for elevane som skal ta til ved Volda ungdomsskule frå hausten 2016 til vitende.*
- 3. Kommunestyret legg til grunn at fylkeskommunen organiserer eit skysstilbod for elevane som stettar rettane elevane har etter opplæringslova.*

4. *Ordføreren og administrasjonen vert beden om å møte foreldra for å drøfte løysingar for skuleskyssen.*

PS 14/16 Planid 2012012 Fylkesveg 651 - E39 Småbåthamna - Elvadalen

Administrasjonen si tilråding:

1. *Etter vurdering av innspel ved offentleg ettersyn og eit sterkt ynskje om ei enklare planløyising for vegen gjennom Volda sentrum,-betre tilpassa ein framtidig situasjon der Voldatunellen er på plass og E39 er flytt dit, finn ein ikkje å kunne tilrå godkjenning av den fremja planløyisinga, slik denne vart utlagt til offentleg ettersyn.*
2. *I samsvar med konklusjonen i felles gjennomgang etter offentleg ettersyn og framlegg frå Statens vegvesen ber ein om at det vert utarbeidd ei endra planløyising meir tilpassa den framtidige sentrumsfunksjon som vegen skal ivareta, jf m.a utviklingsplan for Volda sentrum, og der planforslaget frå Gehl arkitekter (på vegne av prosjektgruppa for utvikling av Volda sentrum) vert justert slik at det har akseptable løysingar med omsyn til trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantar.*

Handsaming:

Ordføreren og sakshandsamar Per Heltne orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 19.01.2016:

1. *Etter vurdering av innspel ved offentleg ettersyn og eit sterkt ynskje om ei enklare planløyising for vegen gjennom Volda sentrum,-betre tilpassa ein framtidig situasjon der Voldatunellen er på plass og E39 er flytt dit, finn ein ikkje å kunne tilrå godkjenning av den fremja planløyisinga, slik denne vart utlagt til offentleg ettersyn.*
2. *I samsvar med konklusjonen i felles gjennomgang etter offentleg ettersyn og framlegg frå Statens vegvesen ber ein om at det vert utarbeidd ei endra planløyising meir tilpassa den framtidige sentrumsfunksjon som vegen skal ivareta, jf m.a utviklingsplan for Volda sentrum, og der planforslaget frå Gehl arkitekter (på vegne av prosjektgruppa for utvikling av Volda sentrum) vert justert slik at det har akseptable løysingar med omsyn til trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantar.*

PS 15/16 Spørsmål om anke av skjønn gbr 19/2/89

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønnssak 15-061231SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnresultatet vert såleis teke til vitende.

Handsaming:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 19.01.2016

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønnssak 15-061231SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnresultatet vert såleis teke til vitende.

PS 13/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Det var ingen merknader til orienteringssakene, med unntak frå OS 2/16 og OS 15/16.

OS 2/16 Informasjon om kommunereforma

Ordføraren orienterte om status for Volda kommune i kommunereformprosessen.

- OS 3/16 Referat frå møte i arbeidsgruppe Campus den 05.01.2016**
- OS 4/16 Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta**
- OS 5/16 Volda kommune - Pkt. 21 i Budsjettvedtaket årsbudsjett 2016.**
- OS 6/16 Årsbudsjett 2016 - budsjettvedtak pkt. 39 - veghøvel**
- OS 7/16 Etiklutvalget ønsker dialog om etiske spørsmål**
- OS 8/16 Reguleringsplan E39 Volda-Furene - Oppstartsmøte med Volda kommune 16.12.2015 - Referat**
- OS 9/16 Invitasjon til prøveordning om gang -og sykkelveg**
- OS 10/16 Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 20.11.15**
- OS 11/16 Sparebank 1 SMN - Forslag kandidater kundevalget**
- OS 12/16 Kommunal konferanse for råda for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal 10. og 11. februar**
- OS 13/16 Melding om avtaleinngåelse - Anskaffelse - portføljeforvaltning elektrisk kraft Søre Sunnmøre**
- OS 14/16 Kommunereformen - Referat frå forhandlingsnemndene Ørsta og Volda 11.02,2016**
- OS 15/16 KS Møre og Romsdal - Rådmannsutvalet**

Rådmannen informerte om at han er attvalt som leiar i rådmannsutvalet i KS Møre og Romsdal.

Møtet slutt kl. 17.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.01.2016

Sonja Håvik
konsulent